



DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

# Prop. 104 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Oppheving av lov om registrering av innsamlinger

*Tilråding frå Kulturdepartementet 17. april 2015,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### **1 Hovudinnhaldet i proposisjonen**

Kulturdepartementet legg med dette fram forslag til lov om oppheving av lov 29. juni 2007 nr. 87 om registrering av innsamlinger (innsamlingsregistreringslova).

Ei oppheving av innsamlingsregistreringslova vil innebere at den frivillige registreringsordninga for innsamlingar ikkje lenger vil vere regulert av offentleg lovgiving, men kan først vidare gjennom privat organisering.

Departementet vil vurdere nærare forslaget om å leggje til rette for registrering av innsamlingar i Frivilligregisteret og sjå dette i samanheng med det arbeidet regjeringa gjer for å bidra til meir bruk av Frivilligregisteret.

### **2 Bakgrunnen for forslaget**

Innsamlingsregistreringslova tredde i kraft 1. juli 2009. Stiftelsen Innsamlingskontrollen i Noreg fekk oppdraget med å etablere og drifte Innsamlingsregisteret, og er peikt ut av departementet som registreringsorgan. Stiftelsen Innsamlingskontrollen i Noreg er ein alminneleg stiftelse som blei etablert i 1991 med formålet å sikre interessene til publikum i at innsamlingar til ideelle og allmenntilgjenglege formål blir organiserte og gjennomførte på ein forsvarleg måte, og at forvaltninga av midlane er forsvarleg. Hovudmålet med ei lovregulering var å bidra til å føre vidare eller auke tilli-

ten mellom givarar og innsamlingsaksjonar på ein betre måte enn om området blei verande uregulert, jf. Ot.prp. nr. 47 (2006–2007) *Om lov om registrering av innsamlinger*. Føresegnene i lova skil seg ikkje vesentleg frå den verksemda Stiftelsen Innsamlingskontrollen dreiv før lova tredde i kraft. Visse tiltak går igjen som verkemiddel for oppbygginga av tillit til innsamlingsaksjonar, mellom anna registrering av innsamlingsaksjonar, kontroll av pengestraumar og merking av personar og materiell i innsamlingar.

I 2013 blei det gjennomført ei evaluering av korleis innsamlingsregistreringslova verka sedd i forhold til dei ønskte måla. Evalueringa gir ingen indikasjon på at lova har fungert i tråd med intensjonen. Snarare tvert imot kan det hevdast at lova har verka motsett av formålet, i form av at lova har hatt uheldige og uuntenderte konsekvensar for dei seriøse organisasjonane som har valt registrering, mens useriøse organisasjonar har kunna operere meir eller mindre fritt utan offentleg merksemd. For å sikre interessene til givarane og at det meste av innsamla midlar går til det oppgitte formålet, tilrår ein i evalueringa at det blir innført gradert registreringsplikt for innsamlingar, og at staten får rolla som kontrollorgan.

I ein høyringsrunde om evalueringsrapporten uttrykte frivillig sektor skepsis til forslaget om registreringsplikt, mellom anna fordi dette vil påføre frivillige organisasjonar meir rapportering og byråkrati samtidig som det er usikkert om ei registreringsplikt vil forhindre useriøse aktørar

som vil søkje å unngå registrering. I tråd med tilrådingane i evalueringa og innspel frå høyringsinstansane bestemte departementet seg for å setje ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å vurdere problema med useriøse innsamlingsaktørar og foreslå tiltak for å skilje useriøse aktørar frå seriøse, og gjere det vanskelegare for useriøse aktørar å drive innsamlingsaktivitet. Deltakarane i gruppa var både frå frivillig sektor og offentlege instansar, inkludert Forbrukarombodet, Skattedirektoratet, Økokrim og Politiets tryggingsteneste (PST). Gruppa fekk i mandat å sjå på andre tiltak enn registreringsplikt og auka statleg kontroll av innsamlingar som vil kunne styrkje tilliten til givarane. Arbeidsgruppa har ikkje gjort noka realitetsvurdering av i kva grad tiltaka kan gjennomførast og av moglege konsekvensar av dei foreslåtte tiltaka.

På bakgrunn av den manglande merksemda overfor moglege useriøse innsamlingar og organisasjonar etablerte Stiftelsen Innsamlingskontrollen i mars 2014 ei OBS-liste, heilt uavhengig av innsamlingsregistreringslova. Formålet med OBS-lista er å varsle publikum om organisasjonar der det har komme fram negative opplysningar av ulik art. Dette gjeld både med omsyn til økonomi og det organisatoriske/styringsmessige. Pr. 1. april 2015 er 34 organisasjonar førte opp på Innsamlingskontrollens OBS-liste, mens 116 organisasjonar er registrerte i Innsamlingsregisteret.

Stiftelsen Innsamlingskontrollen har varsla at dei vil halde fram arbeidet som frivillig organ for sjølvjustis for innsamlingsbransjen. Norges Innsamlingsråd støttar opp under Innsamlingskontrollen og meiner stiftelsen kan sikre interessene til givarane på ein forsvarleg måte også etter ei eventuell oppheving av lova. Norges Innsamlingsråd blei stifta i 1994 og har rundt 60 medlemmer som utgjer hovudtyngda av ideelle, humanitære og kulturelle organisasjonar på innsamlingsmarknaden i Noreg.

### 3 Gjeldande rett

#### 3.1 Lov 29. juni 2007 nr. 87 om registrering av innsamlinger (innsamlingsregistreringslova)

Formålet med innsamlingsregistreringslova er å medverke til at midlar løyvde til innsamlingar i størst mogleg grad gir overskot til beste for det formålet som er oppgitt med innsamlinga. Med innsamling er meint all frivillig innsamling av pengar eller gåver retta mot offentlegheita til inntekt for samfunnsnyttige formål.

Registrering av innsamlingar er frivillig og skjer etter skriftleg melding til registreringsorganet, som sidan Innsamlingsregisteret blei etablert, har vore Stiftelsen Innsamlingskontrollen. I tråd med lova fastset registreringsorganet nærare føresegner for registrering av innsamlingar (§ 2), innsamlingsmerke (§ 3), avgift (§ 4), rekneskap (§ 5) og berekninga av ein minste prosentdel til det oppgitte formålet med innsamlinga (§ 6). Registreringsorganet kan slette eller nekte registrering av ei innsamling og skal ved mistanke om bedrageri, utruskap, underslag eller liknande vurdere om forholdet skal meldast til politiet, jf. §§ 7 og 8 i lova.

Formålet med forslaget om ei lovfesta registreringsordning for innsamlingar var å bidra til større openheit om gjennomføring av, og pengeforvaltning ved, pengeinnsamling. Målet var at flest mogleg av både dei små og dei store innsamlingane skulle sjå nytten av å vere registrert i registeret. Det blei på denne bakgrunnen ikkje vedteke registreringsplikt.

For å bidra til å bevare eller auke tilliten mellom givarar og innsamlingsaksjonar blei det vedteke at minst 65 % av innsamla beløp skulle gå til det oppgitte formålet med innsamlinga. Stiftelsen Innsamlingskontrollens merke (IK-merket) blei ført vidare som innsamlingsmerke for innsamlingar registrerte i Innsamlingsregisteret.

Drifta av Innsamlingsregisteret, sekretariatet og funksjonar/roller i tilknytning til dette blir dekt gjennom registreringsavgift og årsavgift fasett av registreringsorganet, jf. § 4 i lova. Innsamlingskontrollen har fastsett registreringsavgifta til kr 4 000, mens årsavgifta blir berekna ut frå inntektene til organisasjonane med eit minimumsbeløp på kr 2 000 og eit maksimumsbeløp på kr 40 000. I 2013 henta Innsamlingskontrollen inn avgifter på til saman 1,6 mill. kroner frå registrerte innsamlingar/organisasjonar. Siden 2013 har Stiftelsen Innsamlingskontrollen fått eit tilskot frå Kulturdepartementet løyvd til Innsamlingsregisteret under kap. 315 Frivillighetsformål, post 78 Ymse faste tiltak. I 2015 er denne løyvinga på kr 826 000, jf. Prop. 1 S (2014–2015) frå Kulturdepartementet.

### 4 Høyringsprosessen

#### 4.1 Høyringa

Høyringsnotat med forslag om å oppheve innsamlingsregistreringslova blei 20. august 2014 sendt på offentlig høyring med frist 21. november 2014. I høyringsnotatet blir det foreslått å styrkje arbei-

det innsamlingsorganisasjonane allereie gjer for å sikre tilliten til givarane, og leggje til rette for bruk av Frivilligregisteret til registrering av innsamlingar for å bidra til større openheit og tilgang på informasjon om frivillige organisasjonar som driv innsamlingar. Registrering av innsamlingar i Frivilligregisteret blir foreslått som ei enklare løysing for organisasjonane, utan registreringsplikt. Forslaget legg ikkje opp til ein særskilt kontroll av opplysningane om innsamlingar eller at det skal stillast særskilde krav til ein minste prosentdel til det oppgitte formålet. I høyringsnotatet blir høyringsinstansane inviterte til å særskilt vurdere spørsmålet om registreringsplikt for rekneskap.

Høyringsnotatet blei sendt til desse høyringsinstansane:

#### Departementa

Brønnøysundregistra  
Forbrukarombodet  
Lotteri- og stiftelsestilsynet  
Politiets tryggingsteneste  
Post- og teletilsynet  
Økokrim

Stiftelsen Innsamlingskontrollen  
Norges Innsamlingsråd  
Frivillighet Norge  
Stiftelsen Soria Moria

Organisasjonar i Innsamlingsregisteret og medlemsorganisasjonar i Norges Innsamlingsråd (132 mottakarar)

Departementet fekk 24 høyringssvar. Av desse hadde 15 høyringsinstansar merknader:

Justis- og beredskapsdepartementet  
Samferdselsdepartementet

Brønnøysundregistra  
Forbrukarombodet  
Lotteri- og stiftelsestilsynet  
Politidirektoratet  
Post- og teletilsynet  
Politiets tryggingsteneste  
Økokrim

Foreningen for hjertesyke barn  
Frivillighet Norge  
KNIF – Kristen-Norges Innkjøpsfelleskap  
Norges Innsamlingsråd  
SOS-barnebyer Norge  
Stiftelsen Innsamlingskontrollen

Desse høyringsinstansane har levert høyringssvar utan merknader:

Arbeids- og sosialdepartementet  
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Forsvarsdepartementet  
Helse- og omsorgsdepartementet  
Klima- og miljødepartementet  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Kunnskapsdepartementet  
Landbruks- og matdepartementet

Lions

## 4.2 Synspunkt frå høyringsinstansane

### 4.2.1 Oppheving av Innsamlingsregistreringslova

Fleirtalet av høyringsinstansane har ingen merknader til forslaget om å oppheve innsamlingsregistreringslova. Det er brei semje om at Innsamlingsregisteret ikkje har fungert etter dei intensjonane som blei lagde til grunn då registeret blei etablert.

#### Støtte til forslaget frå frivillig sektor

Frivillig sektor uttrykkjer positiv støtte til forslaget. *Frivillighet Norge* er eit samarbeidsorgan for frivillige organisasjonar i Noreg med meir enn 280 organisasjonar som medlemmer som til saman representerer over 50 000 lag og foreiningar over heile landet. Frivillighet Norge viser til at lova ikkje har hatt den tiltenkte effekten, og meiner krav til nøkkelstal kan vere misvisande og kan bidra til mindre openheit, noko som er uheldig. Dei er på denne bakgrunnen positive til at lova blir oppheva. *Norges Innsamlingsråd* er ein interessepolitisk og fagleg aktør for organisasjonar på innsamlingsmarknaden. Norges Innsamlingsråd støttar også forslaget og meiner ei oppheving av lova vil føre til at novrande kontrollinstans, Stiftelsen Innsamlingskontrollen, blir friare sett i forhold til dei krava som blir stilte, og oppfølginga overfor organisasjonane. Mellom anna gjeld dette krav til ein minste prosentdel til det oppgitte formålet med innsamlinga, og til rekneskapsføring av inntekter og kostnader for innsamlingar. I høyringsbrevet frå Norges Innsamlingsråd heiter det vidare:

«Norges Innsamlingsråd mener det fortsatt er behov for et organ som ivaretar allmennhetens interesser ved å kontrollere at innsamlinger organiseres og gjennomføres på en betryggende måte, og at forvaltningen av midlene er

forsvarlig. Vi mener at Innsamlingskontrollen kan ivareta givernes interesse i at innsamlinger til ideelle og allmenntilgode formål organiseres og gjennomføres på en betryggende måte også etter en eventuell opphevelse av loven.

Norges Innsamlingsråd har ved tidligere høring om saken uttalt at vi ikke ønsker en statlig aktør til å overta denne rollen da dette, etter vårt syn, vil føre til økt byråkratisering og dessuten er prinsipielt uheldig.»

*Stiftelsen Innsamlingskontrollen* stiller seg også positiv til oppheving av lova fordi dei meiner dette vil sikre organisasjonsfridommen og gjere Innsamlingskontrollen friare til å ta opp utfordringar med organisasjonane og andre relevante aktørar. I høyringsbrevet frå Stiftelsen Innsamlingskontrollen heiter det vidare:

«Innsamlingskontrollen vil – også etter opphevelse av loven – fortsette sin virksomhet ved å ivareta givernes interesser og kvalitetssikre innsamlingene. Det vil fremdeles bli ført et innsamlingsregister hvor det i likhet med i dag vil bli stilt høye krav til registrering. Dette opplever vi har bred støtte, og det har i den senere tid vært en betydelig økning i registrerte organisasjoner.

På sikt vil vi imidlertid foreta en viss omlegging med bakgrunn i at vi ikke lenger vil være bundet av de rammer loven setter. Samtidig vil vi også fortsette å fokusere på organisasjoner det er grunn til å stille spørsmålsteget ved. Forutsetningen for giverne er at gaven tilfaller formålet.

Vi anser det også for vesentlig å opplyse om organisasjoner og innsamlinger hvor dette ikke er tilfellet. Innsamlingskontrollen er den eneste aktøren som i dag arbeider aktivt med dette. Betydningen av og kvaliteten av dette arbeidet er uavhengig av om virksomheten er forankret i lov eller ikke.»

Stiftelsen Innsamlingskontrollen peiker på at dei er eit kontrollorgan som først og fremst skal sikre interessene til givarane.

#### *Innvendingar mot forslaget*

Innvendingane kjem i hovudsak frå offentlege instansar som etterspør ei lovregulering av pengeinnsamlingar som i større grad bidreg til å skape tryggleik for givarane.

*Lotteri- og stiftelsestilsynet* meiner det bør innførast ei registreringsplikt for større innsamlingar,

og at offentlege myndigheiter bør ha tilsyn med innsamlingane. Dei ser kontroll av innsamlingar i samheng med kontroll av stiftelsar og kontroll med organisasjonar som har lotteriinntekter.

*Politidirektoratet* meiner det er nødvendig med ei viss form for lovregulering av pengeinnsamlingar og høve til innsyn i verksemda frå offentlegheita. Dei ser kontroll av innsamlingar i samheng med heimelen i politilova § 14 1. ledd nr. 8, som gir høve til å forby eller regulere tigging gjennom lokal politivedtekt. Politidirektoratet meiner det vil vere vanskeleg for ein eventuell givar å kontrollere kven pengeinnsamlarane representerer, og kva dei innsamla midlane faktisk blir brukte til, dessutan å skilje pengeinnsamling og det som i realiteten er tigging.

*Forbrukarombodet* meiner det framleis bør eksistere lovbestemte krav til innsamlingar om ein minste prosentdel til det oppgitte formålet. Ombodet viser til at dei årleg får ein god del klagar frå forbrukarar relaterte til ulike former for førespurnader frå frivillige organisasjonar, der dei aller fleste klagane gjeld innsamling som skjer ved telefon. Ut frå omsynet til givarane meiner Forbrukarombodet det bør stillast krav om at aktørar som nyttar telefon ved innsamling, alltid må opplyse om kor mykje som når fram til formålet.

*Justis- og beredskapsdepartementet, PST og Økokrim* peiker i høyringsinnspela på dei internasjonale forpliktingane som Noreg har som medlem av Financial Action Task Force (FATF). Mellom anna gjeld dette FATFs tilråding nr. 8 om å motverke misbruk av frivillige organisasjonar til terrorfinansiering. Risikoen knytt til pengeinnsamlingar og misbruk av frivillige organisasjonar til terrorfinansiering er peikt på både i PSTs årlege trusselvurderingar i 2013, 2014 og 2015, den samordna vurderinga av truslar og sårbarheiter frå E-tenesta, NSM og PST i 2013 og den nasjonale risikovurderinga om kvitvasking og terrorfinansiering i 2014.

FATFs evalueringsrapport om Noregs implementering av standardane, inkludert tilråding nr. 8 om å motverke misbruk av frivillige organisasjonar til terrorfinansiering, blei offentleggjort i desember 2014. I rapporten er det gitt to forslag til tiltak for å forbetre Noregs system for å etterleve tilråding nr. 8 på ein betre måte. Mellom anna tilrår FATF å styrkje verkeområdet for reguleringar av frivillige organisasjonar som kan stå i fare for å bli misbrukte til terrorfinansiering.

Justissektoren er ikkje ueinig i at eigenkontrollen i dei frivillige organisasjonane vil kunne ha mykje for seg for å betre integriteten hos innsam-

lingsaksjonar som ønskjer å drive seriøst, og er positiv til at frivillig sektor ønskjer å promotere sjølvreguleringa i bransjen. Samtidig blir det presisert at slike mekanismar ikkje er eigna til å førebyggje og avdekkje alvorleg kriminalitet utøvd gjennom innsamlingsaksjonar. Terrorfinansiering blir rekna for å utgjere ein svært alvorleg trussel med stort skadepotensial. Sjølvreguleringa i bransjen må sjåast på som utilstrekkeleg for å møte slike truslar.

#### 4.2.2 Registrering av innsamlingar i Frivilligregisteret

Støtta til forslaget frå departementet om å leggje til rette for registrering av innsamlingar i Frivilligregisteret er primært forankra i behovet for forenkling og samordning av opplysningar frå frivillige organisasjonar.

*Frivillighet Norge* meiner det må vere eit mål at Frivilligregisteret skal bli inngangsporten for det offentlege og publikum til all informasjon om frivillige organisasjonar og eit verktøy for forenkling av kommunikasjonen mellom det offentlege og frivillig sektor. På denne bakgrunnen støttar Frivillighet Norge forslaget om å bruke Frivilligregisteret som verktøy for å bidra til større openheit og tilgang på informasjon om frivillige organisasjonar.

*Norges Innsamlingsråd* er einig i at løysinga med Frivilligregisteret kan forenkle kvardagen til medlemsorganisasjonane, ved at det blir berre éin stad å vere registrert, og ved at det blir gratis innmelding. Dei peiker likevel på at Frivilligregisteret ikkje vil gi rom for kontroll på lik linje med det Stiftelsen Innsamlingskontrollen gjer i dag, og at forslaget derfor ikkje vil komme dei mange utfordringane bransjen ser, til møtes, mellom anna knytte til useriøse aktørar. Norges Innsamlingsråd er på denne bakgrunnen skeptisk til forslaget.

Innvendingane mot forslaget frå departementet om registrering av innsamlingar i Frivilligregisteret gjeld primært den manglande kontrollen av opplysningane som det blir lagt opp til.

*Stiftelsen Innsamlingskontrollen* peiker på at sidan forslaget ikkje legg opp til kontroll av opplysningane, vil registreringsordninga ikkje gi nokon tryggleik for givarane eller for at organisasjonar tilfredsstiller krav som det er naturleg å stille til denne typen verksemd. Dei er skeptiske til at løysinga vil vere eit alternativ til Innsamlingsregisteret, og meiner det vil bli skapt eit inntrykk av at Frivilligregisteret er reservert for dei seriøse organisasjonane, utan at det er grunnlag for ei slik slutning.

*Frivillighet Norges* prinsipielle haldning er at det offentlege ikkje bør føre kontroll med innsamlingar i regi av frivillige organisasjonar. Dei meiner fridom frå offentleg styring og kontroll er ein viktig føresetnad for at organisasjonane framleis skal kunne spele ei viktig rolle for etableringa av mangfaldige og frie demokrati. Når det gjeld problema knytte til useriøse aktørar, viser Frivillighet Norge til at det er ein utstrekkt sosial kontroll med innsamlingsarbeid i nærmiljøa til dei frivillige organisasjonane, dessutan at straffelova fangar opp bedrageritilfella og andre kriminelle forhold knytte til innsamling.

*Forbrukarombodet* er skeptisk til at forslaget om registrering i Frivilligregisteret ikkje legg opp til at krav som i dag er lovfesta, skal først vidare, mellom dei kravet om at ein minste prosentdel skal gå til det formålet som er oppgitt for innsamlinga. Ombodet meiner på denne bakgrunnen at den foreslåtte registreringa i Frivilligregisteret ikkje vil tilfredsstille behovet hos givarane for tryggleik og kontroll med at midlane går til det beste for formålet. Dei ser vidare ein fare for at useriøse aktørar som elles ikkje ville oppfylt krava til registrering i Innsamlingsregisteret, kan registrere seg i Frivilligregisteret, og at dette kan gi dei eit skinn av seriøsitet som kan utnyttast i kontakten med givarane.

#### Ulike vurderingar av registreringsplikt

I høyringsnotatet foreslår departementet å ikkje innføre ei registreringsplikt for opplysningar om innsamlingar og ber høyringsinstansane særskilt vurdere spørsmålet om registreringsplikt for rekneskap.

*Frivillighet Norge* er einig i at det ikkje skal innførast registreringsplikt for innsamlingar, då dette vil etablere unødvendig byråkrati for innsamlarane som kan føre til at lokale lag og foreningar kuttar ut innsamlingsaktivitetar. Dei meiner heller ikkje det bør innførast gradert registreringsplikt for innsamlingar over eit gitt beløp, sidan dei meiner at risikoen for å støyte på useriøse aktørar nok er størst blant dei små organisasjonane. Når det gjeld registreringsplikt for rekneskap, heiter det i høyringsinnspelet frå Frivillighet Norge:

«Forutsatt at alle offentlige instanser som trenger informasjon om organisasjonenes regnskap og vedtekter henter dem i Frivillighetsregisteret, snarere enn å be organisasjonene sende dem inn, stiller Frivillighet Norge seg positiv til at det innføres krav om registrering

av regnskap og vedtekter i Frivillighetsregisteret til organisasjoner som vil delta i ulike offentlige støtte- og fritaksordninger. Fordi mange organisasjoner ikke er pliktig til å registrere regnskapene sine i Regnskapsregisteret vil dette tiltaket bidra til større åpenhet om frivillige organisasjoners økonomi.»

*Norges Innsamlingsråd* meiner det ikkje bør innførast registreringsplikt og rekneskapsplikt for frivillige organisasjonar, fordi dette vil skape hindringar for spontane, små og kortvarige innsamlingar og det vil bryte med den prinsipielle haldninga om at frivillig sektor skal handle minst mogleg om plikt, og mest mogleg om å skape frivillig deltaking gjennom tillit.

Justissektoren tek til orde for auka kontroll av pengeinnsamlingar, og meiner ei pliktig registreringsordning må vurderast. Det blir mellom anna vist til den alvorlege og aukande trusselen knytt til innsamling av pengar til finansiering av terroristar og/eller terrorisme.

*Politiets tryggingsteneste* peiker i høyringa på at forslaget om å føre vidare ei frivillig registrering av innsamlingar i Frivilligregisteret ikkje vil endre noverande situasjon når det gjeld PSTs behov for meir kunnskap om pengeinnsamlingar. PST er ikkje imot lovforslaget isolert sett, men meiner at behovet for auka kunnskap og openheit om pengeinnsamling tilseier at innføringa av ei enkel, men obligatorisk registrering må vurderast. PST meiner det også er uheldig for frivillig sektor at det i aukande grad er tette samband mellom innsamlingsaksjonar i frivillig regi og terrorfinansiering, og trur derfor at ei registreringsplikt, med tilpassa omfang og spissa nedslagsfelt, vil kunne vere ein fordel for det store fleirtalet av seriøse frivillige organisasjonar. Ei registreringsplikt der organisasjonen berre skal opplyse om han driv med pengeinnsamling, vil ifølgje PST gi verdifull informasjon for det førebyggjande arbeidet.

*Økokrim* meiner innsamlingar, iallfall slike som vender seg til ein vid krets av givarar, bør påleggjast ei form for avgrensa rekneskapsplikt, og at ein del finansiell informasjon må gjerast tilgjengeleg for publikum.

## 5 Vurderingar frå departementet

Departementet ønskjer å leggje til rette for at frivillige organisasjonar òg i framtida skal kunne skaffe seg inntekter gjennom pengeinnsamlingar. Offentlege pengeinnsamlingar er eit sentralt verkemiddel som blir nytta både av små og store

organisasjonar på ulike nivå for å finansiere ei rad ulike aktivitetar og formål. Å leggje til rette for innsamlingar i regi av frivillige organisasjonar er på denne bakgrunnen eit viktig bidrag for å auke inntektsmoglegheitene til organisasjonane. Dette bidreg samtidig til å styrkje den sjølvstendige og uavhengige rolla til dei frivillige organisasjonane og gir større legitimitet til det arbeidet organisasjonane gjer.

Intensjonen med ei lovfesta registreringsordning for innsamlingar var å bidra til større openheit om gjennomføring av, og pengeforvaltning ved, pengeinnsamling. I forarbeida heiter det mellom anna:

«I hvilken grad det gis penger til innsamlingsaksjoner vil være avhengig av innsamlingens appell og troverdighet. Giverens vurdering av dette kan i begrenset grad lovreguleres (...) Hovedmålsettingen med en lovregulering må derfor være at den skal kunne bidra til å opprettholde eller øke tilliten mellom givere og innsamlingsaksjoner på en bedre måte enn om området forblir uregulert. Dette kan blant annet skje ved å sikre bedre at giverens penger i så stor grad som mulig går til det oppgitte formål.»

Formålet med innsamlingsregistreringslova er på denne bakgrunnen å medverke til at midlar som blir gitt til innsamlingar, i størst mogleg grad gir overskot til beste for det formålet som er oppgitt for innsamlinga.

Det er brei semje om at Innsamlingsregisteret ikkje har bidrege vesentleg til formålet i tråd med intensjonane i forarbeida. Lova har verken hatt ein positiv effekt for å styrkje tilliten til dei seriøse innsamlingsorganisasjonane eller hatt noka rolle i å hindre useriøse innsamlingsaktørar. Departementet står på denne bakgrunnen fast ved forslaget om oppheving av innsamlingsregistreringslova.

Oppheving av lova vil innebere at pengeinnsamlingar i regi av frivillige organisasjonar ikkje blir regulerte av ei særskild lov. Departementet meiner at det at organisasjonane er avhengige av innsamla midlar, er ein god nok grunn til at organisasjonane på eige grunnlag vil setje i verk tiltak for å sikre interessene til givarane og bevare eller styrkje tilliten mellom givarar og innsamlingsaksjonar. Den private Stiftelsen Innsamlingskontrollen er oppretta av humanitære organisasjonar som frivillig organ for sjølvjustis i innsamlingsbransjen for å sikre interessene til publikum. Fire av dei sju styremedlemmene skal vere personar som verken direkte eller indirekte har noka tilknytning til inn-

samlingsverksemd, jf. § 4 i vedtektene til Innsamlingskontrollen. Innsamlingskontrollen har sidan 1991 arbeidd for å sikre forsvarleg gjennomføring av innsamlingar og forsvarleg forvaltning av innsamla midlar, og vil stå fritt til å føre vidare ei ordning for kontroll av innsamlingar ved oppheving av innsamlingsregistreringslova.

Departementet vil vurdere nærare forslaget om å leggje til rette for registrering av innsamlingar i Frivilligregisteret og sjå dette i samanheng med det arbeidet regjeringa gjer for å bidra til meir bruk av Frivilligregisteret. Bakgrunnen er mellom anna spørsmåla som har blitt reiste om kva opplysningar som skal registrerast om innsamlingar i Frivilligregisteret, korleis og av kven desse opplysningane skal kontrollerast, og om det bør vere ei pliktig registrering av innsamlingar og/eller rekneskapsopplysningar.

Det er brei politisk semje om at Frivilligregisteret skal takast i bruk av offentlege myndigheiter. Departementet arbeider aktivt for å auke bruken av Frivilligregisteret som eit verktøy for samordning og forenkling. Sentralt i samband med dette er gjenbruk av opplysningar som frivillige organisasjonar rapporterer inn som vilkår for å få offentleg støtte, mellom dei vedtekter, årsrekneskap og årsmeldingar. Departementet meiner det er formålstenleg å sjå forslaget om registrering av innsamlingar i samanheng med det pågåande arbeidet for å auke bruken av Frivilligregisteret.

Innvendingane mot forslaget til lovendingar frå departementet kjem primært frå offentlege instansar som meiner det er nødvendig med ei pliktig registrering av innsamlingar med høve til offentleg kontroll og/eller tilsyn. Det er særleg nødvendig å identifisere tiltak for å møte truslane

som er identifiserte gjennom at pengeinnsamlingar kan nyttast til finansiering av terror. Givarar kan bli misleidde til å tru at pengane går til humanitære formål, mens dei i realiteten kan misbrukt mellom anna til finansiering av terrorisme. Frivillige organisasjonar er eigna og attraktive for misbruk då sektoren er underlagd vesentleg mindre kontroll enn institusjonar som er rapporteringspliktige etter lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering. Denne typen alvorleg kriminalitet skil seg også vesentleg frå andre typar innsamlingsrelatert kriminalitet, ettersom det er særleg viktig å avdekkje handlingane på eit tidleg tidspunkt for å kunne avverje dei. På bakgrunn av dei trusselvurderingane som ligg føre, og Noregs internasjonale forpliktingar, vil regjeringa vurdere målretta tiltak for å motverke misbruk av frivillige organisasjonar til terrorfinansiering.

## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Oppheving av lov om registrering av innsamlinger 29. juni 2007 nr. 87 vil ikkje gi særlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om oppheving av lov om registrering av innsamlinger.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om oppheving av lov om registrering av innsamlinger i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

# **Forslag**

## **til lov om oppheving av lov om registrering av innsamlinger**

I

Lov 29. juni 2007 nr. 87 om registrering av innsamlinger blir oppheva.

II

Lova trer i kraft straks.

